

Enkel aktivitetsplan

Vi har diverre ikkje heilt oversikt over kva for klippekort, turbøker og anna dokumentasjon på turaktivitet som er i Lindås kommune. Det sig inn med informasjon etter kvart og vi vil få ein god oversikt innan prosjektet er ferdig.

Det vi veit er at somme område som til dømes Knarvik og Lindås er ekstremt mykje brukt av befolkninga. Besøk på nokre av toppane/turane i desse områda ligg på nærare 15 000 pr år.

Det har vore ei spesifikk satsing på at skulane og barnehagane skal kunne nytte nærområda på ein enkel måte i høve adkomst og tilrettelegging. Og vårt inntrykk er at dette er skulane og barnehagane flinke til å nytte. Vi er heldige i Lindås kommune som har natur og friluftsmoglegheiter rett utfor stovedøra.

Vi har eit særst godt lokomotiv i Nordhordland Turlag/Barnas Turlag i Nordhordland. Og i same slengen må nemnast Dørstokkmila som kjem inn med stor aktivitet og flotte opplevingar for deltakarane. Desse aktørane er og ei uvurderleg kjelde til informasjon om status på natur og friluftsliv i kommunen og regionen.

Vi registrerer at det blir meir og meir av tiltak i idrettslag/bygdslag/andre som går på måloppnåing i høve topptur, o-løp, kombinasjonsturar, familieturar (lette, tunge, innafor tidsbegrensning, på spesielle merkedagar m.m.). For å få folk til å vere med så må ein leggje til rette for aktivitetar for alle generasjonar og alle gradar av meistring.

Isdalstø 15 feb 2017



Per Ole Ekker

Prosjektleder

Dagleg leiar av Frivilligsentralen